



Notat

Dato: 18.05.2018
Arkivsak: 2018/11159-2
Saksbehandlar: barhart

Til:	Fylkesutvalet, utval for kultur idrett og regional utvikling, utval for opplæring og helse
Frå:	Fylkesrådmannen

Frivillig arbeid i Europa som tiltak for ungdom med avbrote skulegang

«Martin (21) fant fremtidsdrømmen på tur i Frankrike

Frivillig arbeid i to måneder i Frankrike sørget for at Martin skjønte hva han ville med livet sitt. Martin Sundberg (21) trodde ikke han hadde valgt riktig på videregående. Han droppet ut i tredje klasse og hadde det ikke spesielt bra da han ble kontaktet av Oppfølgingstenesta (OT) i Hordaland. De lurte på hva de kunne hjelpe ham med for at han skulle finne motivasjon til å komme seg i aktivitet igjen etter en periode på sofaen. (..) Gjennom OT fikk jeg vite om mulighetene for å drive frivillig arbeid i utlandet, forteller Sundberg. 21 åringen takket ja til et to måneders opphold på en gard i Frankrike, et opphold han sier endret ham masse. (..) Etter turen til Frankrike kom han hjem og fullførte tredjeklasse. Nå jobber han på Fisketorget mens han legger en plan for hvordan han skal komme inn på medisinstudiet. (..) Uten den hjelpen jeg fikk den gangen, tror jeg ikke det hadde gått så bra med meg. Da hadde jeg kanskje ikke gjort noe fornuftig med livet mitt nå, sier han ærlig.»

Frå: Bergensavisen - BA, 5. mai 2018

Frivillig arbeid i Europa

Europeisk volontørteneste (EVS) er eit EU-finansiert tilbod til ungdomar i alderen 17-30 år i heile Europa. I 1999 var Hordaland fylkeskommune sendarorganisasjon for den første EVS volontøren frå Hordaland. Sidan det året, har vi sendt ut cirka 200 ungdomar kostnadsfritt til ulike samfunnsnyttige prosjekt i utlandet, frå nokre månader til opptil eitt år. Ungdomane har jobba som frivillige for ikkje-kommersielle organisasjonar i både Europa og naboregionar, og fått verdfull arbeidspraksis, språkkompetanse og personleg utvikling. Dei har i tillegg fått eit EU-vitnemål på slutten av kvart EVS-opphold. Dette har vore eit godt og ettertrakta tilbod som har medverka til at ungdom i Hordaland får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar (jmfr Internasjonal strategi for Hordaland fylkeskommune).

Samarbeidet mellom Regionalavdelinga og OT

I det nye Erasmus+ programmet (2014-2020) utvikla Regionalavdelinga eit unikt tilbod skreddarsydd til ungdomar med avbrote skulegang, og inngjekk eit samarbeid med Oppfølgingstenesta (OT). Sidan 2015 har vi gitt ungdomar med ungdomsrett og som har droppa ut av vidaregåande skule (prioritert målgruppe: 18-21 år), høve til å jobbe som frivillig i Europa, forlate komfortsonen og flytte til nye omgjevnadar, møte nye menneske og prøve seg på ulike arbeidsoppgåver. Einaste kravet som vert stilt – utanom alderen - er at ungdomen må vere motivert til å gjøre ein frivillig innsats. Dette er eit lågterskelt tilbod som mange ungdomar kan nytte seg av, der prosjekta vert tilpassa etter behov og interesse. Dei fleste

ungdomar reiser to stykker i lag. Det er og i samarbeid med Røde Kors Bergen sendt ei gruppe på åtte ungdomar (i alderen 17+) og to leiarar til eit to vekers frivillig prosjekt i Nederland. Målet var at dei skulle fullføre vidaregåande utdanning eller at dei skal finne seg ein jobb som dei interesserer seg for.

Nøkkelen til suksess

Mottoet til programmet er: «sjå på moglegheitane, tone ned hindringane». EVS baserer seg på eigen motivasjon til ungdomen, medverknad og fleksibilitet. Dei fleste prosjekta er korttidsopphald på 1-2 månader. Det vert lagt opp til spesielt gode førebuingar før prosjektstart, og rettleiing av mentor i løpet av heile opphaldet og i nokre tilfelle reisefølge av ein voksen. HFK får ekstra EU-stønad til slike spesialtiltak, i tråd med EU-politikken som har som mål å gjere prosjekta tilgjengeleg for ungdomar med spesielle utfordringar. I kvart prosjekt legg vi forholda til rette for at nettopp denne ungdommen skal få ei positiv mestringsoppleveling. Ungdomar som vert fulgt opp av OT er ei prioritert gruppe i satsinga vår og konkurrerer ikkje med andre ungdomar om ledige EVS-jobbar. OT-rådgjevarar fortel om dette tilbodet i samtalar med ungdomane, og tilbodet vert presentert til desse ungdomar på #gameplan samlingane og vi skreddarsyr opplegget etter deira behov og ønskjer. Det er også viktig at dette er eit gratis tilbod. På denne måten klarer vi å nå ut til ei brei gruppe av ungdomar, uansett utfordringar og livssituasjon. EVS er ikkje eit tilbod for alle, fordi ikkje alle ungdomar har lyst til å reise utanlands, men erfaringa viser at ganske mange meiner at dette er eit spennande opplegg og at dei er motiverte til å prøve dette.

Dei gongane der vi ikkje har klart å finne «OT-ungdomar» til dei ledige plassane, har vi funne interesserte ungdomar gjennom kommunar (for eksempel Uttekontakten i Bergen og Ungdomskontakten Salto i Knarvik), organisasjonar (Røde Kors) og NAV-kontor.

Resultat så langt

HKF har bygd dette tilbodet gradvis opp frå 21 utsendte ungdomar i 2015-2016, til 20 ungdomar i 2017, og i år er ambisjonen å sende ut 30 ungdomar. Det er gjennomført eit intervju/samtale med kvar einskild ungdom når dei har kome attende. Tilbakemeldingane frå ungdomane er positive, der dei trekk spesielt frem at dei har lært mykje om andre kulturar i Europa, at dei har blitt betre kjend med seg sjølv og at dei har fått prøve ut nye ting. Mange seier også at dei har blitt meir sjølvstendige, meir opne og fått større sjølvstilling. Dei foreldra som vi har treff har vore svært nøgd med at det finnast eit slikt tilbod til deira ungdomar. Vi kan ikkje gjere greie for korleis det har gått med alle volontørane etter at det har gått noko tid, men vi veit at fleire har fullført vidaregåande skule eller har kome seg ut i inntektskjedende arbeid. Tilbodet har blitt utvikla og blir følgd opp av Regionalavdelinga i samarbeid med Oppfølgingstenesta (OT).